

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	05.04.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/42560-2
<b>Dykkar referanse</b>	22/2044 - 22/21903
<b>Sakshandsamar</b>	Sigrun Wølstad
<b>E-post</b>	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
<b>Telefon</b>	96944535

## Kulturminnefagleg fråsegn - landbruksveg - gnr. 352 bnr. 5 - Kårbø - Alver kommune

Vi viser til Dykkar brev av 16.03.2022 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Kårbø i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med omsøkte trasè. Vi har difor ingen avgjerande merknader til denne, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

### Hogst

Vi ynskjer å informere tiltakshavar/grunneigar om at Seksjon for kulturarv også skal varslast om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/kva-saker-skal-sendast-til-fylkeskommunen/>.

Varselet skal innehalde følgjande informasjon:

- **Gnr – Bnr – kommune**
- **Kart over hogstområde og eventuelle planlagte driftsveggar, velteplassar, m.m.**
- **Info om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området.**
- **Planlagt oppstartsdato**
- **Kontaktperson - e-post og organisasjonsnummer**

Vi ber kommunen vidareformidle dette.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
leiar  
KII - Arealplan (Førde)Sigrun Wølstad  
seniorrådgjevar  
KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift*